



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 dep

0030 OSLO

Vår ref.
14/1337-3/K2-K01//KDA

Dykkar ref.

Dato:
12.09.2014

HØYRINGSUTTALE FRÅ EID KOMMUNE - BRUK AV SNØSCOOTER TIL FORNØYELSESKJØRING

Vi viser til dykkar forslag til endringar i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. Forslaga gjeld innføring av heimelsgrunnlag til å etablere snøscooterløyper for fornøyelseskjøring.

Eid kommune ved samfunnsutviklingsutvalet vedtok i møte den 11. september 2014, sak 030/14, å gje følgjande uttale til lovendringa:

«Ber om utviding av lovforslaget:

Eid kommune er positiv til departementet sitt forslag om å innføre heimelsgrunnlag for etablering av snøscooterløyper for fornøyelseskjøring, men lovforslag må utvidast til óg å omfatte løyper for cat-skiing.

Eid kommune har tidlegare vore i kontakt med klima- og miljøverndepartementet om cat-skiing. Vi viser her til våre brev av 27. juni 2013 og 28. august 2013, dykkar referanse 12/3241, der vi bad om at det vart etablert ei forsøksordning om etablering av løyper for cat-skiing, som kommunen kunne ta del i. Ei slik forsøksordning vart ikkje etablert.

Eid kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å skilje mellom cat-skiing og snøscooterkjøring i utmark. Dei same motstridande interesser og omsyn gjer seg gjeldande i begge aktivitetane, og etablering og bruk av løyper kan følgje same regelverk. Eid kommune ber difor om at lovforslaget vert utvida til også å gjelde etablering av løyper for cat-skiing.

Inn under denne vurderinga må det leggjast vekt på at det ikkje er alle stadar på Vestlandet som er eigna for etablering av lengre snøscooterløyper. Med våre høge og bratte fjell vil cat-skiing vere eit vel så viktig friluftstilbod for ålmenta og også ei attraktiv næring innanfor det naturbasert reiselivet.

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

Samordning av regelverk:

Lovforslaget legg opp til at løypene skal visast i arealplan eller i reguleringsplan. Eid kommune er samd i dette.

Lovforslaget vidare legg opp til at reglane om bruken av løypene skal gjevast i forskrift. Eid kommune støttar ikkje dette forslaget. Etter kommunen sitt syn, så bør dei overordna reglane om bruk av løyper inngå som ein del av føresegnene til kommuneplanen. Tilsvarande som t.d. reglane for parkering og skilting.

Meir detaljerte reglar om bruk bør utover det som går fram i overordna arealplan bør kunne gjevast i den enkelte detaljreguleringsplan. I dag kan ein i reguleringsplanar gje føresegner knytt til skilting, trafikkregulering, driftstider for støyande aktivitetar m.m. Reglar for bruk av regulerte snøscooterløyper høyrer naturleg til under dette. Føresegner knytt til bruk i planen gjer det også mogleg å gje tilpassa reglar for kvart reguleringsområde. Reglane om bruk vil også vere meir tilgjengelege enn i ei forskrift.

Tilsvarande bør departementet vurdere å fjerne kravet om grunneigarsamtykke. Etter plan- og bygningslova skal kommunen som planmynde fastsetje den arealbruken som kommunen meiner er føremålstenleg og ynskjeleg på staden, uavhengig av eigartilhøve. Eit samstykkekrav kan forseinke planprosessane i kommunen».

Med helsing

Kristine Dahl
Plan-og utviklingsjef